

OPPMÅLT BÅT – PROSJEKT NR 6621



BÅT

Seksæring frå Ombo, båten har fylgt garden Nårstad gjennom minst 4 generasjonar eigarar. Nårstad, nå g.nr 76, b.nr 1 i Finnøy kommune, hørde tidlegare til Jelsa kommune. Båten vart brukt til å reisa til kommunesenteret Jelsa med og til å frakta sauer og lam med. I 1950 og -60 åra vart båten utlånt til fleire notbruk .

TEIKNINGAR

6621-1 Seksæring frå Ombo – Langskipssnitt og plan

6621-2 Seksæring frå Ombo – Snitt og detaljar

6621-3 Seksæring frå Ombo – Profil

EIGARAR

Eivind Pedersen Nårstad 1847 – 1934

Peter Nårstad 1884 – 1969

Eivind Nårstad 1918 - 2007

Lars Nårstad f. 1950

Ole Dagfinn Nårstad f. 1958

HOVEDDIMENSJONAR

Største lengde: 6,550 m

Største bredde: 1,960 m

Lengde mellom stamnar er 20 fot og 2 ½ tomme (norske) og dette har truleg vore rekna som ein 20 fots båt.

Lengde/breddeforhold er 3,34

Romlengdene er 860, 880 og 760 mm rekna bakover. Det korte bakrommet og plasseringa av keipane gjer at det passar ikkje å sitja på baktofta og skoda.

BYGGJEÅR OG BÅTBYGGJAR

Seksæringen må ha vore bygd før 1884 sidan båten fylgde garden då Eivind Pedersen kjøpte Nårstad dette året.

Ein reknar med at småbåtane i Rogaland vart påsette vaterbord etter landsregattaen i Stavanger i 1868. Denne båten er kanskje eldre, både mangel på vaterbord og skrogforma med stor bredde forut kan tyda på det. Antatt byggjeår skulle i så fall bli mellom 1860 og 1865.

Etter tradisjonen skal dette vera ein Tingvikbåt, altså ein båt bygd av Ingebret Knutsen Tingvik (1829 - 1913) i Tingvik, Eidsund.

Seksæringen skil seg litt ut frå andre Tingvikbåtar, spørsmålet er dermed om dette verkeleg er ein båt bygd av Ingebret.

Forskjellar frå andre Tingvikbåtar:

- Båten har ikkje vaterbord, dette var vanleg på alle rogalandsbåtar og Tingvikbåtar i alle fall på båtar bygd etter ca 1870
- Det er keipar med både hamleband og tollepinnar
- I båten er det eit par årar av hordalandstypen, dvs kantete årar

Detaljar som er spesielle for Tingvikbåtane og som finst på denne båten:

- Skrå skarvar på bordskøytane
- Pynterand på borda mot stammen
- Mastefoten og frambandet er i eit stykke, den same konstruksjonen finst også på Tingvikbåten "Viking"
- Oppleningane er skøyte med ein "hake" i nedre kanten, sjå teikning
- Skrogforma bakover mot baksakuten er spesiell med eit ekstra slankt skrog under vasslina, sjå snitt 5 og 6 på teikning 6621-2
- Båten har ikkje betar, men faste tofter. Betar var elles vanleg på andre båtar frå Rogaland på 1800 talet
- Generelt godt handverk med fine og nøyaktige detaljar

Det er så mange detaljar som er spesielle for Ingebret her at me må kunna seia at båten er ein ekte Tingvikbåt.

HISTORIE

Nårstad hørde til Jelsadelen av Ombo fram til 1965. Det var ikkje rutegående kommunikasjon mellom Ombo og Jelsa og bøndene på Ombo måtte derfor ha eigne båtar for å koma til kyrkje, kommuneadministrasjon, bank og butikk.

Eivind Pedersen kjøpte Nårstad og flytte dit i 1884, båten fylgde då med garden og har fylgt garden heile tida seinare. Nårstad ligg langt frå sjøen, men har eit naust i Hagen der båten var til ca 1995 då den vart lånt ut til Sjernarøy Maritime på Bjergøy. Der er båten ein del av inventaret i restauranten.

I 1950 og 1960 åra vart båten leigd/lånt til fleire notbruk.

Seksæringen er ikkje lagra på forsvarleg vis, den ligg på sida utan serleg støtte og med bl.a. teiner og nøter inni. Det er fare for at båten blir deformert eller får andre skader dersom den vert liggjande slik i lang tid.

TEKNISK SPESIFIKASJON

Seksæringen har kjølrenne og tre bordgangar på kvar side. Den har ikkje betar, men to faste tofter. Det er eit halvband i framsakuten. Esingane går til rengene og mellom rengene og stammen er det nauarenger av krumvaksne

emne. Frambandet står litt framover ved kjølen og er tjukkare på midten slik at det blir ein mastefot under framtofta og masta går dermed gjennom hol i tofta. Band og esingar er festa med 16 mm trenaglar.

Skarvane i bordskøytane står på skrå med overkanten framover, dette er ein kjend Tingvik spesialitet. Det er ikkje brukt hogde halsar.

Den opprinnelege riggen er borte. Eigaren seier at det har vore to segl til båten, eit vart borte av ukjend årsak mens det andre vart stole under siste verdskrigen. Det ligg rigg og segl i båten nå, men det er ikkje den originale riggen og det er usikkert kor den har kome frå.

Det er vantfeste ved keipen i framrommet.

Anna, kona til Ingebret, sydde segl og eit segl til ein annan Tingvik seksæring er oppmålt. Ein har derfor eit døme på korleis riggen *kan* ha sett ut.

Båten har keipar med både tollepinnar og hamleband. Slitasje på keipane viser at båten har vore rodd med runde årar. Det ligg eit par årar i båten, dei er 3,76 m lange og er trekanta årar av hordalandstype.

Ror og løygang med beslag på båten er fjerna og dette kan ha samband med bruken som notbåt (øyrabåt?).

Kjøll, kri (lot) og stamnar er av eik, keipane i framrommet er også av eik, mens trenaglane er av einer. Resten er av furu. Det er brukt smidd saum med firkanta roer.

Øvste boret, ripebordet, er malt grønt (vogngrønt?) inni og utanpå. På utsida er det delvis ein blåfarge, dette tyder på at blått også har vore brukt utvendig. På endane av toftene, til og med toftekneet, er det også malt grønt, mens på midten av toftene er det spor etter gult eller oker. Esingane har spor etter kvitt eller grått, under dette er det grønt. Det er vanskeleg å fastslå kva fargar som har vore brukt på same tid. Resten av båten er tjørebredd.

12.3.2012 Svein Langvik